

Kva:	Møte nr. 07 i Alpinkomiteen 2023-2025
Tidspunkt:	Onsdag 25. september 2024, kl. 20:00-21:30, og måndag 30. september kl. 21:00-21:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	<i>REFERATSAKER:</i> <i>SAK 46 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</i> <i>SAK 47 23-25 Godkjenning av protokoll møte nr. 06 23-25</i> <i>RAPPORTERINGSSAKER</i> <i>SAK 48 23-25 Rekneskapsrapport pr. 25.09.2024</i> <i>DISKUSJON- og VEDTAKSSAKER</i> <i>SAK 49 23-25 SPV utøvarstipend</i> <i>SAK 50 23-25 Sportsleg opplegg haust 2024 og vinter 2025</i> <i>SAK 51 23-25 Skilisens 2024-2025</i> <i>SAK 52 23-25 Terminlista 2024/2025</i> <i>ORIENTERINGSSAKER</i> <i>SAK 53 23-25 Marknadsarbeid i AK</i> <i>EVENTUELT</i>
Til stades:	Roger Ellingsund, Atle Sæterbakken, Cato Vik, Rakel Sunde, Elisabeth Sætren, Fabian Bergqvist, og Kennet Dvergedal (adm.)
Marknad:	Roger Ellingsund og Fabian Bergqvist deltok ikkje i SAK 49 23-25
Forfall:	
Referent:	Kennet Dvergedal

Referatsaker:**SAK 46 23-25****Godkjenning av innkalling og sakliste****Bakgrunn**

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 47 23-25**Godkjenning av AK protokoll nr. 06 23-25****Bakgrunn**

Protokoll frå AK møte nr. 06 23-25 er sendt ut som eige vedlegg og godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner AK protokoll nr. 06 23-25.



RAPPORTERINGSSAKER

SAK 48 23-25

Rekneskapsrapport

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 25.09.2024 er vedlagt.

Nøkkeltal:

Inntekter AK: kr. 139 495,-

Kostnader AK: kr. -319 018,-

Resultat: kr. -184 523,-

Eigenkapital alpinkomiteen pr. 31.12.2023: kr. 805 995,-

VEDTAK

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- og VEDTAKSSAKER

SAK 49 23-25

SPV utøvarstipend

Bakgrunn

Søknadar til SPV utøvarstipend ligg vedlagt.

Framlegg til VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å tildele Sparebanken Vest utøvarstipend 2024 til Jørgen Aarøen Taklo.

Vidare gjer komiteen vedtak om å lage tydelegare retningslinjer for tildeling av utøvarstipend neste gong. Adm. følgjer opp.

SAK 50 23-25

Sportsleg opplegg haust 2024 og vinter 2025

Bakgrunn

Alpinkomiteen legg til rette for følgjande samlingar:

Skisamlingar:

- Fjord1 Myrkdalen 9.5-12.5
- Fjord1 Fonna 31.5-2.6 (samarbeid med Hordaland, og Agder og Rogaland Skikrets)
- Fjord1 Fonna 8.6-10.6 (samarbeid med Hordaland, og Agder og Rogaland Skikrets)
- Fjord1 Fonna 22.6-25.6 (samarbeid med Hordaland, og Agder og Rogaland Skikrets)
- Fjord1 Fonna 1.8.-4.8 (samarbeid med Hordaland, og Agder og Rogaland Skikrets)
- Fjord1 Fonna 10.8-13.8 (samarbeid med Hordaland, og Agder og Rogaland Skikrets)



- Fjord1 skisamling Juvass 5.-7. oktober

Freeski samling barmark:

- Jentecamp freeski, Sogndal 1. september, i samarbeid med NSF freeski

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å legge fram sportsleg opplegg og aktivitetsplan på haustmøte 27. oktober. Cato og Fabian følgjer opp.

SAK 51 23-25

Skilisens 2024-2025

Bakgrunn

Informasjon og prisar for skilisens sesongen 2024-2025 vart offentleggjort måndag 16. september.

Norges Skiforbund er opptatt av at alle utøvarar skal ha ein god forsikring. Med utvida skilisens får utøvarane den beste forsikringa ved idrettsskade både i trening og i konkurranse.

Skilisensen har som formål å få utøvaren raskast mogleg tilbake i fysisk aktivitet og konkurranse, med bistand frå idrettsspesialiserte behandlarar, samt at man kan få ein eingongserstatning om skaden/ uhellet medfører til varig medisinsk invaliditet, eventuelt død.

Prisar skilisens 2024-2025:

Alpint*:

- Årslisens grunn: tilbys ikke
- Årslisens utvida: kr. 4200,-

** I alpint er det mulig å kjøpe engangslisens for klubb- og kretsaktivitet, men alle som skal delta i FIS-renn må kjøpe utvidet årslisens.*

Prisar for eingongslisens er:

Eingongslisens for utøvarar under 26 år: kr. 100,-
Eingongslisens for utøvarar over 26 år: kr. 250,-

Etter at nye prisar for skilisensen vart kjent har det vore fleire reaksjonar på prisen for alpint, m.a. blant AK-leiarar i andre skikretsar.

VEDTAK

Alpinkomiteen drøfta saka i møtet og gjer vedtak om at Roger følgjer opp saka med NSF alpint.



SAK 52 23-25

Rammer for terminlista 2024/2025

Bakgrunn

Alpinkomiteen drøfta rammer for terminlista 2024-2025.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om å lage til utkast til terminlista 2024/2025 og sende til klubbane om lag 14 dagar i framkant av haustmøtet.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 53 23-25

Marknadsarbeid i AK

Bakgrunn

Status marknadsarbeid i AK.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Fjord1	Alpint	2024	Avtale går t.o.m. 2024. Ingen ny avtale
Sparebanken Vest	Alpint	2024	Avtale går t.o.m. 31.12.2024.
Intersport Sogndal	Alpint	2024	Avtale går t.o.m. 31.05.2024. Forhandlingar om ny avtale i gong.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek marknadsarbeidet til orientering.

EVENTUELT

Neste møte i alpinkomiteen: Haustmøte 27. oktober 2024, i Førde.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Roger Ellingsund (s)
Leiar AK

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef